

**Notat**

Dato: 08.03.2016  
Arkivsak: 2015/8272-8  
Saksbehandlar: bjomidt

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkeordførar

---

**Svar på spørsmål frå Tom Sverre Tomren om trafikktal og elsykkels strategi**

Representanten Tom Sverre Tomren (MDG) har stilt spørsmål om korleis utviklinga i biltrafikken og i talet på syklande i Bergen har vore dei siste åra inklusive 2015- og om i kva grad har fylkeskommunen analysert og utvikla ein strategi for elsykkels sitt potensiale i arbeid med klima og luftforureining i Bergen og Hordaland?

**Trafikken i bomringen i Bergen**

Biltrafikken i bomringen har i perioden 2010 – 2014 auka med 1,6%. Trafikken i 2015 er 0,35% høgare enn i 2014, men likevel lågare enn i 2013, 2012 og 2011. Tungtrafikken utgjer ein like stor andel i 2015 som i 2014 med 8,3% av passeringane.

Ei forklaring på trafikkveksten frå 2014 til 2015, er auka bruk av elbil. Tal frå BT Signaal AS og Bergen Bompengeselskap AS, syner at veksten i elbilpasseringar er langt større enn trafikkveksten generelt. I 2014 var talet på elbilpasseringar i bomringen omlag 1,57 mill. dvs. omlag 3% av totalpasseringane. I 2015 vart talet på 3,13 mill. dvs. omlag 6% av passeringane i bomringen.

Trafikken ved utgangen av februar 2016 er 4,9% lågare enn for same periode i 2015, noko som i stor grad skuldast datokøyring i januar og innføring av tidsdifferensierte satsar i februar. Trafikktalet i bomstasjonane etter innføringa av tidsdifferensierte takstar, syner ei tydeleg omfordeling av trafikk til periodene med låg takst i morgen- og ettermiddagsrushet, og ein ser ein reduksjon i trafikkmengda totalt sett over døgnet som er sterkare enn kva som var føresett.

**Utviklinga i talet på syklande i Bergensområdet**

Den siste reisevaneundersøkinga frå 2013 viser ein nedgang i andelen syklande i Bergensområdet på 0,5 % samanlikna med 2008, dvs 2,8 % syklande i dag. Tilsvarande tal for Bergen kommune er noko høgare. Her er var andelen syklande 3,4 %, og det var ein nedgang på 0,4 samanlikna med 2008.

**Elsykkelstrategi**

Fylkeskommunen har ikkje utvikla ei eiga strategi kun for el-sykkel, men tiltak for å fremje bruk av elsykkel inngår i arbeidet med «Sykkelbyen Bergen», oppfølging av Klimaplan for Hordaland og gjennomføring av den Europeiske Mobilitetsveka i Bergen.

I samarbeid med Naturvernforbundet sitt «Prøvekjør el-sykkel»- prosjekt vert publikum og bedrifter tilbudd test av el-sykkel ved ulike arrangement.

Som ein oppfølging av klimaplanen innanfor eiga verksemd er det sett av midlar til utprøving av el-syklar. Tiltaket er relevant for skular og tannklinikkar, t.d. for lærare som følgjer opp elevar i praksis i nærmiljøet, og tannpleiare som vitjar institusjonar for eldre. Årstad tannklinikkk kjøpte 2 el-syklar i 2015 til slikt føremål. Fyllingsdalen vgs har ei gruppe elevar innan tilrettelagt undervisning/bil- og sykkelservice som vil satse særskilt på vedlikehald og service av el-sykler i tillegg til vanlige syklar. Ved planlegging av nye sykkelparkeringstilhøve ved skulane har ein også tenkt på lademuligheter for el-sykkel.

Grunnlagsdokumentet for Nasjonal Transportplan som vart lagt fram 29. februar har stort fokus på å legge til rette for auka sykkelbruk. Her er det mellom anna foreslått å vurdere momsfriftak for el-syklar.